

## Egenvurdering på emne- og programnivå

Emnenivå: Fylles ut av emneansvarlig

Programnivå: Fylles ut av programstyreleder (fagkoordinator)

Emne/program	NORAN204-L Andrespråkslæring- og undervisning for integrert lektorutdanning
År	Hausten 2022
Emneansvarlig/ Programstyreleder (fagkoordinator)	Anna-Marie Kjøde Olsen
Samlet vurdering av gjennomføringen av emnet/programmet	Den ordinære undervisninga blei i hovudsak gitt over Zoom i form av fem forelesingar og to seminar. Studentane fekk også tilbod om seks gjesteforelesingar med ulike lærarar frå praksisfeltet som i hovudsak gjekk på campus. Oppmøtet var relativt svakt frå starten av semesteret og gjekk endå lengre ned då lektorstudentane gjekk i langpraksis. 31 av 32 studentar med godkjent arbeidskrav gjekk opp til eksamen. Av desse fekk tre F. Mediankarakteren var C.
Emne: Er emnet student-evaluert? Hva kom i så fall fram der?  Program: Funn i eventuelle programsensorrappporter sist år.	Emnet er studentevaluert med elektronisk spørjeskjema sendt ut av administrasjonen. 15 av studentane svarte på spørjeskjemaet. Spørjeundersøkinga viser at studentane er middels til lite nøgde med NORAN204-L hausten 2022. Det som først og fremst går igjen i tilbakemeldingane, er at studentane er misnøgde med strukturen som blei lagt opp for emnet. Det er primært knytt til formatet på og tidspunkta for både undervisninga og eksamen.
Var det noe som ikke fungerte godt nok? Er det behov for å foreta justeringer eller sette inn tiltak for å forbedre emnet/programmet? Hvilke?	Det har vore utfordrande å finne ein struktur som kan passe inn med lektorstudentane sin praksisperiode, og vi ser at den heildigitale varianten ikkje er ei god løysing for studentane. Erfaringa tilseier at vi bør halde undervisninga utanfor praksisperioden til studentane og heller leggjast i bolkar før og etter praksisperioden. Digital undervisning bør berre blir brukt i den grad det er nødvendig å ha kontakt med studentane i praksisperioden. Eksamen bør leggjast til ein vekedag.

Andre kommentarer eller innspill	

H2022

## Andrespråkslæring- og undervisning for integrert lektorutdanning (NORAN204-L)

### Faglæraren si vurdering av gjennomføringa

**Praktisk gjennomføring:** Emnet hadde fem forelesingar og to seminar digitalt på Zoom med to ulike faglærarar. I tillegg fekk studentane seks forelesingar gitt av sju gjesteforelesarar saman med studentante på NORAN104. Desse hadde ein kombinasjon av digital undervisning og undervisning i klasserom. I den perioden studentane hadde langpraksis, blei samlingane av omsyn til lektorstudentane lagt til seint på dagen (primært kl.16.15, men også i nokon grad kl.14.15).

**Karakterfordeling:** På eksamen møtte 31 av 32 studentar med godkjent aktivitet. Dei fekk følgande resultat: A (2), B (8), C (7), D (8), E (3), F (3).

**Strykprosent:** 3 kandidatar strauk

**Studieinformasjon:** Det blei sett opp eit eige digitalt orienteringsmøte veka før undervisningsstart. Studentane har hatt tilgang til informasjon om emnet på nettsida til UiB og elles fått fortløpande informasjon på emnesida på Mitt UiB både i form av kunngjeringar og ein undervisningsplan.

**Tilgang til relevant litteratur:** Noko i Litteraturkiosken, noko kunne lastast ned gratis og resten var bøker

### Faglæraren si vurdering av rammevilkåra

**Lokale og undervisningsutstyr:** Stort sett ok, men varierte litt. Dette hadde ikkje med UiB å gjere, men tilgangen på eigna rom ved ein annan institusjon der emneansvarleg var på utanlandsopphald i undervisningsperioden.

**Andre forhold:** Ok

## Faglæraren sin kommentar til student-evalueringa

Studentane fekk eit anonymt, elektronisk spørjeskjema i november som dei kunne svare på fram til eksamensdagen (3. desember). I tillegg til standardspørsmåla fekk studentane også spørsmål om kvifor dei ikkje møtte i alle eller nokon av forelesingane i den grad det gjeldt dei. Spørsmålet om kor fornøgd dei var med forelesingane, blei dei delt i to slik at det eine var retta mot dei ordinære forelesingane og det andre mot gjesteforelesingane. 15 studentar svara på spørjeundersøkinga. Det utgjør 44 % av studentane på emnet.

Spørjeundersøkinga inneheld både svar i form av Likert-skala-data og frie svar på opne spørsmål. Eg markerer dei kvantitative svara ved å oppgi talet på svar.

## Oppsummering av dei kvantitative svara i spørjeundersøkinga:

Av dei 15 som svarte på spørjeundersøkinga

- var 8 misnøgdde med emnet, 4 verken eller og 3 nøgde
- syntest 6 at emnet stod fram som eit heilskapleg kurs, medan 4 svara verken eller berre 5 at det i mindre grad gjorde det. 1 svara nei.
- var 5 fornøgdde med dei ordinære forelesingane, 5 verken eller og dei 5 siste misnøgdde
- var 6 fornøgdde med gjesteforelesingane, 4 verken eller og dei 5 siste misnøgdde
- hadde fleirtalet (9) deltatt på få av dei 11 forelesingane totalt. 8 hadde deltatt på 3-5 forelesinga, 1 hadde deltatt på 1, 5 på 6-8 og 1 på 9-11.
- meinte eit fleirtal (9) at dei hadde hatt lite utbytte av forelesingane, medan 3 meinte dei hadde hatt nokså stort utbytte.
- var halvparten (7) var fornøgdde med pensum, medan resten fordelte seg 50-50 på verken eller og misnøgdde.
- meinte tilsvarende halvparten (7) at dei hadde hatt nokså stort utbytte av pensum, 5 verken eller og 3 nokså lite. Ingen meinte dei hadde hatt stort eller lite utbytte av pensum.
- syntest halvparten (7) at pensummengda ikkje var tilpassa omfanget til emnet, medan 6 syntest det var det i nokså stor grad.
- Svara 8 verken eller på om dei var fornøgdde med arbeidet i seminar/kollokviegrupper, 2 var ganske fornøgdde og resten misnøgdde eller hadde ikkje deltatt. («Svært misfornøydok ikke på seminarene» - tvetydig)

## Oppsummering av svar i opne spørsmål:

I oppsummeringa er det lagt vekt på det minst to studentar har gitt tilbakemelding om.

Mange er negative til å ha **digital** undervisning og meiner at motivasjonen for det, er låg etter pandemien og at dei saknar meir interaksjon med kvarandre og faglærar. Samtidig er fleire negative til at det fann stad fysiske forelesingar i praksisperioden deira pga reiseveg.

Nokre var nøgde med **seine forelesingar** i praksisperioden, men dei fleste trekkjer fram at dagane blir for lange og nokon at det kolliderer med deltidsjobb.

Fleire trekkjer fram at forelesingane burde vore fordelt annleis utover i semesteret slik at det var færre/ingen **forelesingar i praksistida**.

Studentane reagerer negativt på **flytting av tidspunkt** på forelesingar og at det blei for mykje å halde styr på.

Fleire trekkjer fram at **gjesteforelesingane** ikkje var relevante eller kopla nok på pensum.

Nokre syntest det var lagt opp til at studentane måtte kjøpe for mange **bøker** for eit emne på 10 stp.

Når det gjeld **eksamen**, reagerer studentane negativt på å ha skuleeksamen og svært negativt på at eksamen fall på ein laurdag.

## Faglæraren si samla vurdering, inkl. forslag til forbetringstiltak:

Spørjeundersøkinga viser at studentane er middels til lite nøgde med NORAN204-L hausten 2022. Det er noko fagmiljøet har hatt oppe til diskusjon. NORAN204-L er eit emne som fell i langspraksisperioden til lektorstudentane. Det har vore forsøkt ulike løysingar H22 og dei tidlegare semestera for å møte både det at studentane er i praksis og at fagmiljøet har hatt låg bemanning. H22 blei bemanningssituasjonen forsøkt løyst med å leggje det heildigitalt. Dette emnet har sidan start, også før pandemien slo til, hatt digital undervisning iallfall i langspraksisperioden til studentane. Det digitale formatet er såleis ikkje noko nytt i NORAN204-L, men haldninga til studentane synest endra etter pandemien. Det kan vere ei årsak til at forelesingane hadde svak deltaking heilt frå semesterstart. Det har vore utfordrande å finne ein struktur som kan passe inn med lektorstudentane sin praksisperiode, og vi ser at den heildigitale varianten ikkje er ei god løysing for studentane.

Det som først og fremst går igjen i dei opne tilbakemeldingane, er at studentane er misnøgde med strukturen som blei lagt opp for emnet. Det er primært knytt til formatet på og tidspunkta for både undervisninga og eksamen, men også at flyttingar av tidspunkt (delvis pga sjukdom) gjorde undervisninga uoversiktleg.

NORAN204-L har som eit emne på 10 studiepoeng avgrensa ressursar til undervisning. Ei løysing som blei prøvd ut dette semesteret, var derfor fellesforelesingar med NORAN104, primært i form av gjesteforelesingar av lærarar frå praksisfeltet. Dette hadde også dels som hensikt å avhjelpe ressursituasjonen i fagmiljøet.

Tilbakemeldingane på forelesingane i spørjeundersøkinga er om lag like for gjesteforelesingane og dei ordinære forelesingane, men fleire nemner i dei opne tekstfelta at studentane ikkje opplevde at innhaldet i gjesteforelesingane var knytt til pensum i stor nok grad.

Erfaringa tilseier at vi bør halde undervisninga utanfor praksisperioden til studentane og heller leggjast i bolkar før og etter praksisperioden. Digital undervisning bør berre blir brukt i den grad det er nødvendig å ha kontakt med studentane i praksisperioden. Eksamen bør leggjast til ein vekedag.

Erfaringane med dette emnet og H22 er eit viktig grunnlag for vurderinga av korleis emnet skal utviklast vidare både i struktur og innhald no når vi står overfor ei fullstendig revidering av lektorutdanninga.